

3 trubadurar - lite publikum

15.05.2011



Magne Huglen ynskjer ORBO velkommen

Å la 3 trubadurar opptre samstundes på to stader på ein laurdagskveld når bortimot halve folket sit lenka til TV der dei ser på Grand Prix er ingen særleg god ide..
Men det skjedde på laurdagskvelden i Uskedalen.
3 toppartistar var i aksjon.
To hadde eit relativt lite,
men engasjert publikum.
Ein hadde minimalt med tilhørarar.



Robert Smith-Hald på Dønhaug igjen

Dei 2 var Robert Smith-Hald og Ole Reinert Berg-Olsen - den siste betre kjent som ORBO - i Dønhaugkjedlaren. 30 hadde ein fin kveld, for dette er artistar av svært høg klasse både som låtskrivarar, songarar og musikarar. Robert er ein gjengangar på Dønhaug medan Ole Reinert var det for fyrste gongen. Verten har hørt han i Skånevik og vorte imponert. Men dei står godt til kvarandre og gjer det godt i lag. Dei har opptrådt mange gonger saman og denne sommaren skal dei til Nashville og spela inn plate.

Då kjem Robert nesten heim - han vart fødd og vaks opp i Pennsylvania. Ellers er han ein mangfaldig kar, no er han utdanna lærar og har til og med vore Noregsmeister i ølbryggjing. Han har også testa Humlepungens brygg og funne at det held ein bra standard.

At det var 30 til stades betyr at kjedlaren var halvfull og det var ikkje Magne Huglen misfornøgd med. Då var det verre med Systrene Nilsen, Der var det nesten ikkje gjester til å høre på ein tredje ypperleg trubadur - Deb Girnius, også ho med bakgrunn i USA. Heldigvis opplevde rundt rekna 40 henne i samband med den skalldyrafoten som vart avvikla kvelden før.

Men det er nok fornuftig å samordna betre på arrangementssida. Uskedalen er ei lita bygd og Kvinnherad er ikkje Bergen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Deb Girnus hadde ikke mange å oppdre for på Systrene Nilsen